



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje

KYRKJEBLAD

for

NORD-FRON

Nr. 2 - Juni 2024 - årgang 69

Så grønn en drakt, så rik en duft
har smykket dal og enger!
Nu strykes ømt av lys og luft
de fagre urtesenger.
Hør lundens sus og bekkens brus
forkynne hva som kommer:
Omsider blir det sommer!

Carl David af Wirsén

INFORMASJON

www.nord-fron.kirken.no

Foto: Bjørn K. Sletten

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor

Gateadresse: Nedregata 54, 2640 Vinstra
Postadresse: Nord-Fron kyrkjelege fellesråd. Nedregata 50, 2640 Nord-Fron

Kontortider:

Kl.: 09.00 - 13.00
Tlf.: 612 16 290

Sekretær:

Venke Helen Sletten
Tlf: 612 16 290

Kyrkjeverje:

Grete Bakken
Tlf: 612 16 292
Mob.: 991 13 936

Sokneprest i Kvam og Skåbu:

Benjamin Fjellheim Olsen (frå 1. juli 2024)
Tlf. 612 16 293

Vikarprester:

Paul Gunnar Skuland
Tlf. 612 16 294
Mobil. 902 90 322
Jens Petter Ous
Tlf. 612 16 294
Mob.: 975 74 993

Diakon og trusopplærer:

Per Øyvind Fredin
Kontor: 612 26 272
Mob.: 401 65 789

Kyrkjemusikar:

Iren Falkenhaug
Mob.: 967 39 550

Organist:

40 % stilling ikkje besatt

SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:
Kirsten Dina Leine
Mob.: 901 01 690

Kyrkjetenar/graver:

Frank Varpestuen
Mob. 456 06 026
Atle Kolloen
Mobil: 906 90 334

KVAM SOKN

Soknerådsleiar:
Torolf Hagen
Mob.: 976 85 912
Kyrkjetenar:
Svein Fredrik Kjarstad
Mob.: 908 45 584

KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:
Kristian Ekre
Mob.: 911 31 563
Kyrkjetenar:
Bernaldo Hartjes
Mob.: 452 36 474

SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:
Unni Bøyum Kluge
Mob.: 932 92 209
Kyrkjetenar:
Bernaldo Hartjes
Mob.: 452 36 474

FAMILIERÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta
Storgt. 21, 2670 Otta
Tlf. 612 30 536

Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s
www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døyppte

SØDORP:

Mina Nilstad
Erik Sandbu
Iver Øyjordet Bryhn
Matheo Lien Berget
Ole-Johan Jevne
Oliver Sønsteli Ovrum

KVIKNE:

Amalie Sagbråten Harildstad

SKÅBU:

Torgeir Varpestuen Slåstuen



Døde

SØDORP:

Else Margrethe Engum
Jon Olav Haugen
Hedvig Gunvor Ekre
Odd Myhre
Aase Bratbakken (Bisettelse)
Magda Marie Nekstad
Oskar Lundgren

KVAM:

Ola Anton Myromslien
Bjørn Grøthe
Arne Brendstuen

KVIKNE:

Anders Hage

SKÅBU:

Tor Anton Risdal (Bisettelse)

STØTT KYRKJEBLADET!

Det kostar å drive "Kyrkjeblad for Nord-Fron".
Kontingenten er no **kr. 150,-** for 4 nummer (fylldig nummer til jul).
Betales inn til kontonr.

2095 49 59768

Vi har to inntektskjelder:

• Den frivillige kontingenten • Støtte-annonsene (Service-sida)

Kyrkjebladet er viktig for å synleggjera arbeidet og livet i kyrkjelydane

Takk for di støtte!

Helsing redaksjonen

v:pps

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 SØDORP: 135692

KVAM: 113553 SKÅBU: 115389

Kyrkjekontorets e-post-adresse: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør for kyrkjebladet er Bjørn Kjellsson Sletten, bjorn.sletten@gmail.com.
Redaksjonskomite: Per Øyvind Fredin, Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Liv-Elin Aasmundstad (Kvikne),
Tone Berit Øyen (Kvam) og Bjørn Loe (Sødorp).

NESTE NUMMER

av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut hausten 2024.

Frist for stoff: **15. september.**

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59768

Folk i kirka

I Kyrkjeblad for Nord-Fron vil du som leser framover få muligheten til å bli litt bedre kjent med de ansatte i kirka i Nord-Fron, i spalten "Folk i kirka". Denne gangen møter vi ...

Sekretær Venke



En hyggelig og hjelpsom dame svarer i telefonen når du ringer kirkekontoret. Venke Helen Sletten er vår sist tilsatte, og med et drøyt halvårs fartstid som sekretær har hun allerede et godt grep om sakene – selv om hun ikke selv vil uttrykke det helt slik. Ennå.

- Hva er hovedoppgavene dine, Venke?
- Som du sa, å ta imot henvendelser på telefon og på kontoret, legge til rette for dåp og bryllup, være sekretær og føre regnskap for soknerådene, noen sekretær oppgaver for prestene, pluss mye annet forefallende arbeid.
- Du har aldri arbeidet på et kirkekontor før?
- Nei, men jeg har alltid vært i service-yrker; i butikker på Kvam, Otta og Vinstra både som ansatt og til og fra som leder og nestleder gjennom 28 år, og dette her er jo også absolutt et service-yrke.

– Hvilket forhold hadde du til kirken før du begynte her?

– Det var vel som for mange: Kirken var nærmest på de store dagene. Nå ser jeg mange flere sider, men fremdeles er jeg imponert over hvor godt seremonier tilrettelegges så folk får en god opplevelse, både på de store, lykkelige dagene og på de triste. Jeg ser at her kan det meste ordnes så alle får en god opplevelse. Det er fint! Jeg opplevde det selv da jeg og samboeren gjennom 30 år endelig fant anledningen til å gifte oss for et par år siden. Vi fikk en fin seremoni helt etter vår hjerter. Også i forbindelse med gravferden til min far ble vi møtt på en veldig fin måte, og vi følte at vi fikk gjort gravferden til «vår egen». Så ikke vær redd for å komme med ønsker!

– Utenom arbeidet, hva betyr mest i livet for deg?

Barn og barnebarn! Og mannen min, selvfølgelig. Av barnebarn har vi snart tre, og vi er så heldige at vi bor nær dem, så jeg kan få være «hverdagsbestemor». Det er stort! Ellers er vi mye ute, liker å gå turer i frisk luft og vakker natur. Å komme seg ut er viktig, både for kropp og sjel! Jeg har også alltid vært samfunnsengasjert. Har vært med i politikken, og brenner for at folk skal engasjere seg i saker framfor å være passive, og så kritisere i ettertid!

– Er det noe du vil si til Kyrkjebladets lesere?

Ikke vær redd for å ta kontakt! Her er det ingen høy dørterskel – faktisk ingen i det hele tatt når jeg ser etter! Vi er her for dere, og hjelper til med det dere måtte ha av problemer eller ønsker. Jeg skal ikke påstå at jeg er utlært og har verdens beste oversikt ennå, men sammen får vi løst det meste!

Tekstleserkurs

Sel kyrkjelege fellesråd arrangerte tekstleserkurs i slutten av april, og en gjeng fra Nord-Fron fikk også delta. Endre Skjåk var instruktør, med hjelp av Paul Skuland.



Nye dåps-servietter



Må få rette en stor takk til Anne Davidhaugen og Anne-Karin Hoksvold for syng av nye dåps-servietter til Kvam kirke. De valgte å donere disse til kirken, og det setter vi utrolig pris på.

KONFIRMANT* 2024

Konfirmantar i Kvam 2024



Framme frå venstre: Anne Solberg Killi, Ingvild Moen Tungen, fung. sokneprest Jens Petter Ous, Ellen Margaretha Sanden Tande, Linnea Båtstad-Saglien.

Bak frå venstre: Linus Aassveen, Filip Enger Gonstad, Mats Pedersen Davidhaugen, Ivar Milsteinhaugen Kaldhusdal, Marcus Grambo Tangen, Leonard Markrud.

Foto: FoTobben

Konfirmantar i Kvikne 2024



Frå venstre: Marcus Myromslien, Torstein Sylte, fung. sokneprest Jens Petter Ous, Anna Wistad Mathisen og Jonas Sletten

Foto: FoTobben

Konfirmantar i Skåbu 2024



Frå venstre: Beate Berglund, fung. sokneprest Jens Petter Ous, Thuva Brekken Veslum og Ella Rønningen Rognli.

Foto: FoTobben

Konfirmantar i Sødorp 2024



Første rekke frå venstre: Hedda Gryttingslien, Ane Oline Rønshaugen, Iselinn Skreden Dahl, vikarprest Paul Skuland, konfirmantlærar Hildegunn Maria Haanes Ruset, fung. sokneprest Jens Petter Ous, Emma Eiserud Nygård, Leah Isabell Høgglien, Ane Stø. Andre rekke frå venstre: Julie Mellemsdokken, Emilie Victoria Holløkken-Stø, Thea Johanne Stør-Røen, Linnea Melhus Birkeland, Ida Myreng, Amalie Barkenæs, Thea Wistad Andreassen, Ingrid Nybakken.

Tredje rekke frå venstre: Kasper Skogstad Brandvold, Rolf Egil Bøe, Luka Gjerdet Hunstad, Arin Bratlien, Mathias Ruudsengen. Fjerde rekke frå venstre: Johannes Toxe, Trygve Sjøstad, Gard Kristian Bratlien Ulekleiv, Peder Kolloen.

Bakerste rad frå venstre: Brage Kolfås Randen, Magnus Tokvam, Johann Moen, Glenn Nikolaisen Grosberghaugen, Martin Moen.

Foto: FoTobben

- Eg ser fram til å koma attende

Tekst: Hamar bispedømme.



Benjamin Fjellheim Olsen foran altertavla i Kvam kyrkje. Foto: Jens Petter Ous

Benjamin Fjellheim Olsen har fått sin aller fyrste prestjobb. Han tek fatt som ny sokneprest i Kvam og Skåbu frå 1. juli 2024. Før han kjem må han berre gjere ferdig dei siste studievekene.

Åtte år har han bak seg på VID Vitenskapelige Høgskole i Stavanger for å få sin prestetittel Cand Theol. Nå gler han seg til å bruke kunnskapen i møte med innbyggjarane i dei to sokna i Nord-Fron. «- Eg gler meg til å bli betre kjent med folket, naturen og fjellområda», seier Benjamin.

Vil vere ælminneleg

Fjellheim Olsen er opphavelg frå Gjøvik der han vaks opp med mor, far og ein eldre bror. Bestemora tok han fleire gonger med til kyrkja på gudsteneste. Familien var knytt til Engehaugen kyrkje der Benjamin både er døypt og konfirmert. Han vart med i leiarutviklingsprogrammet som kyrkja i Gjøvik har starta og vart med som konfirmantleiar og etter kvart leiar på fleire Lys våken arrangement. Han fekk jobb som kyrkjetenar i 2014 og har vikariert som det i ti år i Gjøvik.

Nå er det Kvam og Skåbu som ventar. Benjamin er ikkje heilt ukjend i området. Han hadde fem veker med

stiftspraksis her i februar og mars. Da arbeide han også i Skåbu og Kvam og møtte mange folk i kyrkjene. Han treivst så godt at valet var lett når han fekk tilbodet om å gå inn som sokneprest for dei to sokna.

Kva for prest vil du vere?

Eg ønskjer å vere ein god og «ælminneleg» prest som barn, unge og vaksne kan lite på, seier Benjamin og seier han ønskjer å møte menneska med Guds kjærleik og Guds nåde. Han vil gjerne også fortelje folk om Jesus og kven han var.

Viktigast i starten vil det likevel vere å skapa gode arbeidsrutinar om korleis han best skal gjere oppgåvene sine i ein travel arbeidskvardag. Som ny prest ser han også det vil kunne bli ei utfordring å skilje mellom arbeid og fritid. Fritida likar han å godt å lese gode bok og sjå filmar. Han likar også å gå tur, og da gjerne saman med andre.

Så da frøningar, er det berre å be med den nye soknepresten på tur!

Velkommen til Hamar bispedømme,
Benjamin Fjellheim Olsen.

Kirkeskyss

Skåbu sokneråd vil gjerne tilby skyss til gudstjenester for de som trenger eller ønsker det. Ring Unni på telefon 932 92 209, eller snakk med en av de andre i soknerådet, så ordner vi det.

Påskevandring med barnehagane i Nord-Fron

Tekst og foto: Jens Petter Ous

Det er alltid spanande å gjere noko nytt! Det prøvde vi oss på i år frå kyrkjekontoret. Barnehagane vart innbedne til påskevandringar i og rundt kyrkjene våre. Det var tydeleg at vi fylte eit behov for barnehagane og dei tilsette med dette.



Kva er ei påskevandring for dei minste? Her skal de få eit lite glimt. Vi møtte barnehagane på veg til kyrkja. Der fekk borna klede og palmegreiner og så møtet vi Jesus og saman vandra vi mot kyrkja. Det var Palmesøndag vi feira med strofa «Hosianna, Davids son», som vi gjentok på veg inn i kyrkja.



Midt i kyrkja var det dekket på golvet. Vi sat oss ned og skulle feire nattverd. Men først gjekk Jesus rundt å vaska føtene, akkurat som bibelen fortel om, før nattverden. Så var det kjeks og saft. Og vi fekk vite litt om nattverden. Dette hende på Skjærtorsdag.

Etter ei stund gjekk vi ut av kyrkja. Jesu ville be. Og vi følgde etter. Jesus bad. Og medan dette heldt på, kom nokre og tok Jesus med seg. Skummelt; dei hadde svarte klede. Og vi stod att og så på gravstøttene på kyrkjegarden. Då skjedde det som løyste det vanskelege for oss i formidlinga av det som skjedde i påska! Vi såg på namna og teikna og datoane på gravstøttene. Ei stjerne ved fødselsdag og eit kors ved dødsdag. Det skjønne ungene, ja, det var dei som sa at krossen stod for død.

Så tok vi vegen inn att i kyrkja. Der stod det ein liten kross, og på krossen hang kappa til Jesus. Då var det ungene som sa: «Jesu er død». Slik fekk vi snakka enkelt og ufarleg om Jesu død, tilpassa ungar. Og utan at nokon vart skremd eller redde. Så var Langfredagen over.



Og vi tok vegen ut att; vi ville jo finne grava til Jesus. Det gjorde vi! Grava var som eit lite fjellstykke med ein stein framfor. Sjølv sagt måtte vi sjå inn i grava. Der var det ingen! Men ein engel var i området. Engelen fortalte oss: «Jesus er ikkje her. Han har stått opp». Då sprang borna rundt og ropte: «Kor er du, Jesus?» Og Jesus kom mot oss. Han hadde stått opp frå dei døde.

Då var det tid for å gå inn i kyrkja att og syngje om den tomme grava, medan alle borna og dei tilsette i barnehagane fekk kvar sin gule blome:

**Dine hender er fulle av blomster.
Hvem var det du tenkte å gi dem til?
Mine blomster var plukket til Jesus.
Graven fant jeg tom.
Han var ikke der.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.
Salmeboka 206**

Dei ulike rollene i påskevandringa var fordelt på folka i kyrkjestaben. Og borna og dei vaksne frå barnehagane var folkemengda som samla seg rundt Jesus.

Kva lærdom fekk vi med oss i desse vandringane? Det er første gong vi har påskevandringar, så vi lærte oss eitt og anna undervegs i dei seks vandringane. Påskeforteljinga er krevjande å formidle til born. Men det går an. Vi kunne snakke om det vanskelege, at Jesus døydd, utan at det vart for dramatisk og skummelt for borna. Alt skjedde med trygge vaksne rundt ungene. Og gravsteinane hjalp oss, som nemnd over, til å formidle at Jesus var død. Og vi fekk også oppleve barnleg glede i møte med han som stod opp att. Eg trur at vi saman – ved å «spele» heile påskehistoria – på enkelt vis, fekk oppleve ei forteljing som er krevjande å formidle til born. Og det på ein måte som var tilpassa borna.

Takk til dykk alle, små og store frå barnehagane, som gjekk med oss på desse vandringane. Det var ei fin optakt til påska 2024.



Bakkestugu i sommer

Etter nok en lang vinter er det snart tid for å skape liv og røre i Bakkestugu! Vi i Bakkestugus venner har som formål å bistå Skåbu sokneråd i driften av denne unike husmannsplassen.

Sommeren 2024 inviterer Bakkestugus venner til følgende opplevelser:

«Åpen Bakkestugu» hver onsdag kl.11-15 i perioden 17.juli til 21.august.

Det er åpent for gratis omvisning i Bakkestugu; både inne i stua, eldhuset og fjøset. Kom og kjenn på stemningen i hus og tun, og lytt til fortellingen om folkene som bodde her.

Under «Liv Lågå-festivalen» i Skåbu tredje helga i juli inviterer vi til **«Aktivitetsdag for store og små» søndag 21.juli kl.13-15**. Vil du prøve å bære vann i sinkbøtter med vassåk fra Rønnaugkilden, lære om plantefarging, prøve deg på treskjæring, høre på slektshistorie fra Bakkestugu og lage ditt eget slektstre? I tillegg blir det servering av kaffe, saft og kaker.

Kulturminnedag lørdag 24.august kl.13-15. Tema: «Storofsen i 1789 og ekstremværet «Hans» i 2023.

Bakkestugu har unngått skader etter flere naturkatastrofer: I 1789 gjorde «Storofsen» et stort innhugg i åssiden ved Kamfossveien, og dannet Jodalen. I ettertid er det gått flere ras i området, sist 8.august 2023 da ekstremværet «Hans» herjet på hele Østlandet. På kulturdagen 24. august blir det foredrag med etterfølgende servering og tur til Kolhusmoen. Lokalhistorikerne Ole Christian Risdal og Ole Petter Dahle vil fortelle om disse to hendelsene.

Velkommen til Bakkestugu sommeren 2024!

Eva Kjøge
styreleder i Bakkestugus
venner





Tekst og foto: Per Øyvind Fredin



Biblioteksjef Marianne Bøe i Nord-Fron.

6-årsamlingene og utdeling av 6-årsbok ble arrangert i februar og mars. Skåbu, som er et lite sokn med tanke på medlemmer, pekte seg ut med størst deltagelse til 6-årsamlingene.

Nord-Fron kommune har en nedadgående fødselsrate, og det fører til at dåpstallene går ned. Til tross dette har kyrkja i Nord-Fron ellers en sterk oppslutning med tanke på dåp og konfirmasjon i alle fire sokna.

– Når barn deltar på trosopplæringstilbudene, ønsker vi at de skal få sterkere tilhørighet til kyrkja og føle seg tryggere på både rommet og vi som er her. Å arrangere og ha gode trygge tiltak lokalt er viktig, sier trosopplærer Per Øyvind Fredin.

Til de fleste trosopplæringstilbudene i Nord-Fron, sender kirka ut invitasjon med informasjon om påmelding i posten. Invitasjonene går til de som er døpte.

– Det skal ikke være til noen hindring å bli med på aktiviteter, selv om barn ikke er døpte. Men invitasjonene kan ikke sendes til familier og omsorgsgivere med barn som ikke er medlem av kirka, siden trosopplæring har en forkynnende hensikt og et budskap forankra i kristen tro. Vi ønsker uansett at foreldre i Nord-Fron oppmuntrer sine barn til å delta på trosopplæringstilbudene, sier Fredin.

I vår hadde krika en ny type samling i Nord-Fron for 4-åringene, der temaet og fokuset var såing. Nord-Fron bibliotek var med på opplegget. Biblioteket har et frøbibliotek der alle - både barn og voksne kan låne frø og så hjemme.

– Å knytte planter og frø til Guds skaperverk har en naturlig plass i trosopplæringa. På 4-årsamlinga var barn og foresatte sammen i Sødorp kyrkjestugu når de sådde, sang og spiste is som en avslutning på samlinga. På høsten får 4-åringene ny invitasjon om å delta på høsttakkefest, der de kan vise frem avlingen fra det de har sådd. Foresatte som har med seg barn og oppmuntrer dem til å bli med på aktiviteter i kirka, skal ha ros. Og vi ønsker sterkere oppslutning på aktiviteter, avslutter trosopplærer Per Øyvind Fredin.

Glimt fra trosopplæringstiltak både i Sødorp og Skåbu.





Barnas



Fargelegg!

Tegning:
Chiara Bertelli



Finne 10 guttenavn

Let bortover og nedover. Finner du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A

Gi barnebladet
Barnas til et barn
du er glad i!


Disse oppgavene er
hentet fra bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00





Hvilken
høne har
ikke fjær?
Svar:
Marihøna

Vits



Finne fem feil

Her forteller Gabriel Maria at hun skal bli mammaen til Jesus. De to bildene er nesten helt like, men kan du finne de fem feilene på bildet til høyre?



Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne veien til Elisabet?

Tegning: Chiara Bertelli

Dugnad på Kvam kirkegård

Den 24.april var det dugnad på Kvam kirkegård. Det er tydelig at folk i Kvam liker å stille opp på dugnad, da det var over 30 mennesker som stilte med rive og godt humør. Da kaffen med tilbehør vart servert ved høgst dag, var kirkegården så godt som ferdig stelt. Takk til alle som tok ein skjerv både før og under dugnaden.



Syklubb til felles innsats på kyrkjegarden

Tekst og foto: Per Øyvind Fredin

Da jentene i syklubben Småskravla ikke har tid til å delta på dugnad på dagtid, tok de initiativ og arrangerte sin egen kyrkjegardsdugnad på ettermiddag etter arbeidstid.

Jeg møtte damene i syklubben en mandag ettermiddag i slutten av april mens de svingte riva på Sødorp kyrkjegard. De viser at de har et godt samspill mens vi er sammen på kyrkjegarden. Det tar ikke lang tid å finne formasjon for fotoshoot. Damene i Småskravla kunne godt drevet med lagsport – noe jeg ikke spør om.

Hvorfor dugnad på en kyrkjegard?

Anni Merete, som er primusmotor for dugnaden, er i tillegg lærer på Sør-Fron, og medlem i Soknerådet i Sødorp. Hun bor i Nord-Fron. Og damene i klubben har felles tilhørighet til Sødorp kyrkje og kyrkjegard på mange måter. De er døpt og konfirmert der, og så drar de kjensel på navn som fått reist sitt minne her. Minner som på en eller annen måte rører noe i dem, om noe som var før. Mødrene til damene hadde opprinnelig en syklubb som het Skravla. Nå er de som fører tradisjonen videre med Småskravla.

Å kjenne forpliktelse til lokal innsats er en ting, men dugnad er så mye mer, kan Anni Merete fortelle. Jeg aner en god stemning mellom dem og skjønner at de har mye humor i sammen, også på en arena som er

sted for sorg. Også her finner damene tid til å snakke med hverandre. Mens de lar riva gå, får samtalene de fører på kyrkjegarden mening. Arbeidet de legger ned i sammen her blir som en slags terapi, sier hun. Så får vi se, tro og håpe på at kyrkjegardsterapi er kommet for å bli.



Damene i dugnadsgjengen Småskravla.
F. v.: Rita, Åse, Anni Merete, Marie, Alise og Tove

Nytt prosesjonskors i Kvikne


Kvikne kyrkje har fått nytt prosesjonskors. Korset var i bruk i gudstenesta på palmesøndag. Korset er skore av Alf Kvålen frå Skåbu.



Karine Harildstad med sambuar bar dottera Amalie til dåp, bestefar Kjetil Harildstad bar prosesjonskorset inn. Foto: Jon Helge Silli.



Den nye presten Benjamin Fjellheim Olsen, saman med leiar i Soknerådet i Kvikne, Kristian Ekre. Foto: Magnar Bratlien.



Informasjon om tiltak ved Kvam kyrkje

Det skjer saker og ting i og rundt kvamskyrkja i desse dagar og framover.

Her følgjer litt informasjon om arbeidet som skal gjerast.

Klokkestøpul

Som mange nå sikkert har fått med seg er det slutt på ringinga med kyrkjeklokkene ved gudstenester og gravferder.

Det ringes nå med slag på klokkene og ikkje med at at klokkene pendler som tidlegare. Dette for å ikkje påføre bygget ytterlegare belastning og skade.

For at vi igjen skal få høyre kyrkjeklokkene slik vi hugsar dei, har Fellesrådet vedteke at det skal byggjast ein klokkestøpul liknande den som står ved Sødorp kyrkje. Endeleg utsjånad er ikkje bestemt, likeså er det med plasseringa som blir på plassen nord for kapellet ein stad. Plassering blir bestemt på høgare forvaltningsnivå.

Hovudporten

Hovudporten inn til kyrkjegarden har vore tema for renovering i fleire år. Stramme budsjett har gjort at oppussing har vorte utsett. Den er nå i så dårleg stand at ei total restaurering må til.

Begge dei to nemnte prosjekta vil venteleg bli fullført i 2025.

Kyrkjetrappa

Planen er å legge varmekabel heilt ut til port før ein legger nye heller på trapp og hellegang. Salt som strøs på om vinteren øydelegger sementfugene og hellene løsnar.

Tre-felling

Det har vore inne ein søknad hos Statsforvaltaren i Telemark om felling av 3-4 bjørker. Statsforvaltaren i Telemark har forvaltningsansvaret for alle kyrkjer og kyrkjegardar i Noreg. Etter at det vart teke margprøver av bjørkene, er fellinga nå godkjent av Statsforvaltaren.

Oppgradering av kirkestua i Skåbu

Se, så fint det ble! Fra vonde krakker til fine Krognæs-stoler, takket være et snilt ektepar i Gausdal! Vi lette etter stoler, fant disse til salgs på Finn, - men akk, de var for dyre for oss. Men hva skjedde da selger fikk høre at de var tenkt til kirkestua i Skåbu? Jo, da FIKK vi dem! Snakk om raise folk!

Vi takker så veldig mye – nå sitter vi godt på møtene uten å stå i fare for å gå i gulvet når personen på enden av benken reiser seg opp!



Åpen kirke i Skåbu sommeren 2024

Skåbu kyrkje er åpen for besøkende hver mandag, onsdag og lørdag f.o.m. 17. juni t.o.m. 17 august, klokka 11 til 15. Omvisere er til stede i åpningstiden. Vi tar gjerne imot besøkende også utenom disse tidene, både små og store grupper.

Kontakt Unni på tlf.: 932 92 209, unni.boyum.kluge@gmail.com

Familiegudstjeneste i Bakkestugu

Søndag 7. juli klokka 12 samles vi igjen til utemesse i Bakkestugu.

JOBE
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.

Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304

Epost: post@jobegravsteinservice.no


HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-

SENTRUMS
HJØRNET

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

Fron Gravstellservice AS

v/ Beathe Malerbakken. Mobil: 992 72 372. E-post: bmalerbakken@gmail.com

Vi tek oss av stell av graver med planting vår, sommar og haust samt vatning. Vi kan også ordne med pynting til påske og jul.



2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no



Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no

Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota



post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898



Tlf. 971 88 621



Vinstra Begravelsesbyrå AS

Lise Veikleenget, 99 58 29 43

Nina S. Veikleenget, 94 83 25 40

Døgnvakt!



Lomoen - Vinstra

Tlf. 61 21 60 00

Fax 61 21 60 01



Tlf. 47 68 22 27



Tlf 901 97 409



Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70



Tlf 915 750 74

Vi hjelper deg med blomster til begravelse og andre anledninger.

Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km. Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam. Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!

Se og les mer på: www.peergyntseterveg.com



Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

GUDSTENESTER I NORD-FRON SUMAREN OG HAUSTEN 2024

DAG/DATO/TXT	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
3.s i treeiningstida 9.juni Joh 1,35-51		11:00 Høgmesse. Nattverd		
4.s i treeiningstida 16.juni Matt 16,24-27	17:00 Kyrkja Eftasmesse. Nattverd		11:00 Familie-/ Krøllegudsteneste	
5.s i treeiningstida 23.juni Matt 7,21-29	11:30 Sundheim Høgmesse. Nattverd	11:00 Kvam kapell Høgmesse. Nattverd		
Aposteldagen 30.juni Matt 16,13-20	Gudstenestefri i Nord-Fron (etter konfirmantleir)			
7.s i treeiningstida 7.juli Luk 19,1-10				12:00 Bakkestugu Familie-/ Krøllegudsteneste
8.s i treeiningstida 14.juli Mark 12,37b-44	12:00 Lomsætra Sætermesse		19:00 Kveldsmesse. Nattverd	
9.s i treeiningstida 21.juli Joh 8,2-11	19:00 Kapellet Kveldsmesse. Nattverd	12:00 Kvamsfjellet Sætermesse		
10.s i treeiningstida 28.juli Matt 18,21-35	Gudstenestefri i Nord-Fron grunna ferieavvikling			
Olsok 29.juli Luk 9,23-26	20.00 Bygdatur Olsokmesse	18.00 Kapellet Olsokmesse. Nattverd		
11.s i treeiningstida 4.august Mark 2, 23-28	11:00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd			19:00 Kveldsmesse. Nattverd
12.s i treeiningstida 11.august Luk 8,1-3	11:30 Sundheim Høgmesse. Nattverd	11:00 Høgmesse. Nattverd		
13.s i treeiningstida 18.august Luk 12,41-48			12:00 Breistulen Sætermesse	
Vingardssøndag 25.august Luk 17,7-10	19:00 Kyrkja Kveldsmesse. Nattverd Konfirmantpresentasjon			19:00 Høgmesse Nattverd. Konfirmant- presentasjon
15.s i treeiningstida 1.september Luk 10,38-42		19:00 Kveldsmesse. Nattverd Konfirmantpresentasjon		
16.s i treeiningstida 8.september Matt 5,10-12	11:00 Høgmesse Konfirmantjubleum		11:00 Høgmesse. Nattverd Konfirmantpresentasjon	
17.s i treeiningstida 15.september Luk 7,11-17		11:00 Høgmesse Konfirmantjubleum		
18.s i treeiningstida 22.september Matt 8,5-13	17:00 Kapellet Hausttakkefest. Nattverd			11:00 Hausttakkefest. Nattverd
19.s i treeiningstida 29.september Joh 7,14-17		17:00 Hausttakkefest. Nattverd	11:00 Hausttakkefest. Nattverd	

Det kan koma endringar på gudstenester så fylg med på plakatar, annonser i GD, facebook kyrkja i Nord-Fron samt Heimesida til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd.



www.dg-trykk.no

God sommar!

KYRKJA I NORD-FRON
er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron

